

Rekneskapsrapport pr september - oktober 2024

Saksbehandlar:
Ingrid Karin Kaalaas

Arkivkode:
210

Arkivsaksnr.:
23/8260

JournalpostID:
24/78160

Saksnr: 150/2024	Utval: Bjørnafjorden formannskap	Dato: 05.12.2024
----------------------------	--	----------------------------

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak:

Formannskapet tar rekneskapsrapport pr september - oktober 2024 til orientering.

Bjørnafjorden, den 15.11.2024

Arild McClellan Steine
Kommunedirektør

Samandrag:

Rekneskapsprognose pr september – oktober 2024 viser at kommunen kan få meirutgifter på 62,6 mill. kr i forhold til vedtatt budsjett. Prognosane for sektorane (eks Fellesområde og Stab) har dessverre utvikla seg i negativ retning utover hausten. Prognosen vedr frie inntekter og finans har imidlertid styrka seg sidan 2. tertialrapport m.a. som følgje av auka midlar frå Havbruksfondet og ekstra rammetilskot frå staten. Samla sett er prognosen for meirforbruk noko betre enn i 2. tertialrapport. Den store «jokeren» for heile kommunesektoren er den varsla skattesvikten, og korleis den til sist vil fordele seg ut på den enkelte kommune.

Konsekvensar av saka/vedtaket:

Økonomi:

Saka gir styringsinformasjon om den økonomiske situasjonen i kommunen.

Klima:

Saka har ikkje konsekvensar for klima eller miljø.

Folkehelse:

Saka har ikkje konsekvensar for folkehelsa.

Saksutgreiing:

OM RAPPORTEN

Forbruksprosenten er rekna ut frå rekneskap i % av årsbudsjettet. «Normal» forbruksprosent pr oktober er for løns-intensive einingar er ca. 84%. Kolonnen Prognose årsavvik er vårt beste estimat på noverande tidspunkt om forventta meir- /eller mindreforbruk i forhold til budsjett ved årsslutt. Minus tal betyr meirforbruk eller mindre inntekter («underskot»), positive tal betyr mindreforbruk eller meirinntekter («overskot»).

FRIE INNTEKTER

Årsprognose: Frie inntekter kan få meir-inntekter på ca. 37 mill. kr i 2024.

Frie inntekter omfattar rammetilskot frå staten, skatteinntekter og andre generelle driftsinntekter.

Kommunen sine skatteinntekter har pr oktober ein vekst på ca. 7,4% i forhold til same periode i fjor. Tal for landet viser ein vekst på 3,5%. Skatteinntektene for 2024 er budsjettert i tråd med statsbudsjettet for 2024. Det er gjennom hausten kome varsel om at skatteinntektene i kommunesektoren kan bli mellom fem og sju milliardar kroner lågare enn venta. For Bjørnafjorden kommune kan dette innebere ein inntektssvikt på ca. 15 mil. kr. Talet er usikkert. Som følgje av den varsla skattesvikten og den generelt vanskelege situasjonen for kommunane, har regjeringa løyvd fem milliardar kroner til kommunane. Bjørnafjorden sin del av dette er 20,1 mill. kr.

Kommunen har mottatt nærare 40,2 mill. kr frå Havbruksfondet. Budsjettert inntekt vedr Havbruksfondet er 8 mill. kr, og kommunen får dermed ei meirinntekt på nærare 32,2 mill. kr.

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift

FINANS

Årsprognose: Finans kan få meir-inntekter på ca. 20 mill. kr i 2024.

Renteutgiftene for investerings-lån ser framleis ut til å halde seg innafor budsjett, men avdraga vil gå noko over budsjett for å sikre at vi held oss innafor minste lovlege avdrag. Det høge rentenivået har ein positiv effekt på renteinntektene, som vi ventar vil få ein meirinntekt på ca. 7,5 mill. kr. Posten for aksjeutbyte får dessverre ca. 2,5 mill. kr lågare inntekter enn budsjettet. Avkastning på finansporteføljen er pr oktober 15,6 mill. kr. Vi rapporterer denne månaden ei forventa meirinntekt på finansområdet på ca. 20 mill. kr, men med potensiale til å styrke seg ytterlegare dersom aksjemarknadene held seg ut året.

FELLESOMRÅDE

Årsprognose: Fellesområde kan få meirutgifter på ca. 31 mill. kr i 2024.

Fellesområde omfattar utgifter til Folkevalde organ, Fellesutgifter og Pensjon.

Utgiftene til Folkevalde organ ser ut til å bli om lag 200.000 kr høgare enn budsjettet. Talet kan endre seg då ein stor del av utgiftene til m.a. tapt arbeidsforteneste pleier å kome over nyåret.

Som varsla gjennom året er det berre avsett 42,5 mill. kr på fond til å dekke utgiftsføringa av fjorårets positive premieavvik på 101,9 mill. kr. Resten av avsetninga måtte vi stryke i samband med avslutning av rekneskapan for 2023. Vi er dermed avhengige av eit positivt premieavvik på 59,4 mill. kr i 2024 for å kome ut i balanse i år. Prognoser frå pensjonsleverandørane viser at årets premieavvik berre ser ut til å bli vel 28 mill. kr. Vi får dermed eit negativt avvik på nærare 31 mill. kr i år.

Det er budsjettet med 65,8 mill. kr i bruk av premiefond for å saldere budsjettet for 2024.

STAB

Årsprognose: Stab ser ut til å kunne få meir-inntekter på ca. 0,5 mill. kr i 2024.

Stab består av Sentral leiing, økonomiavdelinga og HR avdelinga, inkl. IT.

Delar av Stab har dessverre fleire langtidssjukemelde. Det er berre delvis sett inn vikar. Stab får dermed auka inntekter i form av refundert sjukeløn.

OPPVEKST

Årsprognose: Oppvekst kan får meirutgifter på ca. 29,1 mill. kr i 2024.

Dei store utfordringane i drifta er knytt til at fleire barn i barnehage og elevar i skulane treng ekstra tiltak og ressursar. Innan desse områda har vi varsla meirforbruk knytt til avslutta barnehage- og skuleår og ein betydeleg auke knytt til nytt barnehage - og skuleår. Vi har mindre nedgang i tal plassar i barnehagane enn budsjettet og ei mindre nedgang i elevtalet enn det som ligg i budsjett. Det er sjølvst sagt særst positivt at barne- og elevtalet er høgare enn forventa, men det betyr og auke i kostnader. Tilflytting har vore større enn det vi har budsjettet med.

Under er den økonomiske situasjon i barnehage, skule og Familiens hus gjort greie for.

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift

Oppvekst – fagstab og felles satsingar

Det er budsjettbalanse knytt til fagstab. Reduksjon av 1 årsverk er gjennomført med effekt frå 01.03.24.

Skular

På skuleområdet har vi eit meirforbruk på 13,4 millionar.

Det er fleire forhold som gjer at vi ikkje klarer å halde tildelt ramme:

Lønnskostnader på skulane ligg høgare enn måttalet etter lønnsutbetaling i oktober. Meirforbruket er hovudsakleg knytt til vikarbruk utan refusjon. Det er fleire grunner til vikarbruken: korttidssjukemelde, behov for sikringstiltak rundt elevgrupper og ekstra tiltak knytt til elevar med særskilte utfordringar. I samband med omstillingar er det gitt sluttpakke/gåvpensjon som inneber ekstra kostnadar for ei periode i enkelte skular. Meirforbruket samla er på 6 millionar.

I innsparingskravet Omstilling 25 er det lagt inn ei innsparing på 5 millionar knytt til budsjett for elevar med store hjelpebehov i budsjettåra 2024 og 2025. Dette viser seg og vere urealistisk og er blitt rapportert tidlegare. Behovet i denne elevgruppa har auka kraftig. I staden for at kostnadene er redusert med 5 millionar har kostnadene auka med 9,2 millionar. Meirforbruket er 14,2 millionar for skuleåret 2024/25. I 2024 utgjør meirforbruket 6,8 millionar.

I budsjettet for 2024 var det innsparing på 3 millionar som følgje av redusert elevtal. Elevtalet har gått ned, men ikkje så mykje som budsjettet, noko som gir ein mindre innsparing på 600 000.

Familiens hus

Familiens hus driftar i balanse.

Barnevernstenester

Barnevernet driftar i balanse. Plasseringar i institusjon er kostnadskrevjande for barneverntenesta. Framleis er talet på institusjonsplassar innanfor budsjett. Vi jobbar med å finne alternative tiltak så langt som mogeleg, men vil være avhengig av institusjonsplasseringar i enkelte tilfelle. Vi prøver å sette inn omfattande tiltak i heimen for å hindre plasseringar.

Utgifter til ungdom på ettervern gått ned. Det gjer også privatkjøp av tenester.

Barn, unge og familiar (BUF)

Eininga driftar innafor budsjett. Eininga har utfordringar med driftsbudsjett då det ikkje er tilført driftsmidlar i samband med tilførte årsverk.

Førebyggjande helsetenester

Førebyggjande helseteneste driftar i balanse. Heile tilskotet frå helsedirektoratet er inntektsført.

Barnehagar

Samla meirforbruk på barnehageområdet er 15,7 millionar. Dette er knytt til barn med store hjelpebehov og at talet barnehageplassar i bruk er høgare enn budsjettet.

Kostnad knytt til fleire barnehageplassar i bruk enn budsjettet er 10,2 millionar (inkludert plassar det blir betalt for i andre kommunar).

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift

Styrking-ressursar knytt til § 31 og § 37 i barnehagelova: Prognose på meirforbruk er auka til 5,5 millionar. Dette skuldast at fleire barn har fått utsett skulestart, nye vedtak hausten 2024 og ei auke i tal timar i fleire av vedtaka vi allereie har.

Kommunale barnehagar

Dei kommunale barnehagane får tildelt sine budsjett i forhold til tal barnehageplassar i bruk i barnehagane. Kvar barnehage driftar innafor budsjett basert på barnetal.

Private barnehagar

Meirforbruk knytt til tilskot til private barnehagar er uendra frå førre rapportering.

Tiltak – Oppvekst

Det blir arbeida med å realisere tiltak i Omstilling 25. Det fleste tiltak blir rapportert på “grønt”, dvs. gjennomført. Realisering av tiltak er nærmare omtalt under Omstilling 25.

Utover dette blir det arbeida med følgjande tiltak - gjeld heile oppvekstområdet:

- Stram økonomisk styring og rettleiing. Tett dialog med einingsleiarane for å sikre kontroll på drifta. Det er stort fokus på å halde budsjett og kostnader nede i heile organisasjonen.
- Gjennomføring av stillingskontroll og behovsanalyse før tilsetjingsprosessar
- Sjukefråværsoppfølging i einingane
- Eininga søker om fritak frå arbeidsgjevarperioden for kronisk sjuke.
- Det blir arbeida med å hente inn uteståande refusjonar for sjukemeldte
- Innkjøp: berre nødvendig utstyr
- Gjennomføre omstillingsprosessar
- Arbeid i arbeidsmiljøgruppene (AMG)

På skuleområdet blir det i tillegg arbeida med følgjande tiltak:

- Det er fleire komplekse og samansette vanskar hos elevane og ei betydeleg auke i behov for ressursar. Skuleeigar har saman med skuleleiingane og aktuelle fagtenester ei grundig gjennomgang av behova og det blir arbeida både på system og individnivå for å finne gode løysingar som og sikrar berekraftig økonomi.
- Gjennomgang i personalgruppa om organisatoriske endringar for å hindre overforbruk
- Tilsette ekstra årsverk som skal dekke sjukefråvær (skuleeigar har plikt til kvalifiserte vikarar frå 01.08.24 - jf. ny opplæringslov)

I Familiens hus blir det i tillegg arbeida med følgjande tiltak:

- Utvikling av ulike gruppetilbod i Familiens hus med tanke på å nå fleire utan at det blir for ressurskrevjande for organisasjonen.
- Barneverntenesta: Det blir jobba aktivt for å redusere tal passeringar i institusjon. Dette blir gjort ved å sette inn ulike omfattande hjelpetiltak. Dette er kostnads-krevjande, men likevel billigare enn plassering.

På barnehageområdet blir det i tillegg arbeida med følgjande tiltak:

- Alle vedtak §37 skal vurderast saman med §31 opp mot prinsippet å kunne gje kvart enkelt barn eit heilskapleg hjelpetilbod.
- Starte kursing av ASK (alternativ supplerande kommunikasjon) for tilsette i dei barnehagane som har eit ASK vedtak. ASK skal vere ein del av det allmennpedagogiske tilbodet.

HELSE OG VELFERD

Årsprognose: Helse og velferd kan få meirutgifter på ca. 51,5 mill. kr i 2024.

Sektor Helse og velferd ser ut til å få eit meirforbruk på kr 51,5 mill. i 2024 når ein ser heile året under eitt. Dette er kr 4 mill. meir enn prognosen frå sep. Utan unntak ligg alle einingane an til eit meirforbruk i høve til budsjett og for tre av einingane aukar prognosen frå sep., mens Nav og tilrettelagde tenester har ein nedjustert prognose.

Til trass for god måloppnåing på tiltaka som ligg under Omstilling 25, slit sektoren altså hardt med å levere på budsjetttrammene.

Tenestene ut til brukarane skal vera fagleg forsvarlege. Løn er den største kostnaden, og det er vanskeleg å halde lønsbudsjettet når høgt sjukefråvær og vanskar med å få tak i nok og kvalifisert personell fører til auke i variabel løn, overtid og innleige av vikarar frå vikarbyrå. Ein aukande brukarmasse og auka brukarbehov driv også lønskostnadene opp.

Særleg i ferietida har det vore vanskeleg å skaffa nok personell og rett kompetanse. Fleire av einingane har måtta leiga inn vikarar frå bemanningsbyrå. Redusert bemanningsfaktor i einingane fører til meir overtid og forskjøvne vakter. Samla sett for sektoren utgjør bruken av overtid ein kostnad hittil på kr ca. 13 mill. Vi venta at desse kostnadane skulle gå ned utover hausten, men vi ser framleis høg grad av bruk av overtid og det fortsett er behov for å leige inn personell frå bemanningsbyrå, men då i mindre omgang enn i sommar. Dette for å sikre fagleg forsvarlege tenester på alle vakter og då særleg på natt.

Ein anna medverkande faktor til overforbruket er at ein del årlege kostnader ikkje er tilstrekkeleg innarbeidd i rammene for 2024. Vi har t.d. betalt kr 0,5 mill. for utskrivingsklare pasientar per okt.

Årsprognose per eining (meirforbruk):

- Forvaltning og bustadkontor: Kr 2 mill.
- Legevakt og legeteneste: Kr 18,9 mill.
- NAV: Kr 3,6 mill.
- Tilrettelagte tenester: Kr 1 mill.
- Psykisk helse og rus: Kr 0,5 mill.
- Luranetunet bu- og behandlingssenter: Kr 18,5 mill.
- Heimetenester Os: Kr 4 mill.
- Fusa bu- og behandlingssenter og heimetenester: Kr 3 mill.

Forvaltning, koordinering og bustadkontor

Her er venta eit meirforbruk på kr 2 mill. Dette utgjør 6,6 % i høve til budsjettet for eininga og er knytt til mellom anna auka kostnader til transport av dagsenterpasientar i heimetenesta på Os, som vert ført på forvaltninga. Kostnader til "fadderordninga" ved Bjørnafjorden Asvo er det ikkje budsjett for i 2024. Dette utgjør årleg ca. kr 1,3 mill. Bustadkontoret ligg godt under måltal, så samla sett kan prognosen endra seg til det betre i løpet av hausten. Prognosen for okt. mnd er uendra i høve til sep.

Legevakt og legetenester

Legevakt og legetenester melder om eit venta meirforbruk på årsbasis på kr 18,9 mill. Det er ei auke på 2 mil kr i høve sep. Det er stor differanse mellom budsjetttramme og driftsutgifter i denne eininga. Auken er knytt til drifta av Osøyro legekantor. Ein ser at det tar tid å få stabilisert drifta og sikre eit realistisk inntektsnivå, samt at det er kome ekstra utgifter for

tidlegare innleige av vikarar frå bemanningsbyrå som det ikkje var tatt høgde for i tidlegare rapporteringar.

I budsjettet var premissen at legevaktstasjonen i Eikelandsosen vart avvikla i løpet av første halvår og det er dermed ikkje noko budsjett her for andre halvår. Etter vedtak om å oppretthalda drifta med ny driftsmodell, vart sektoren beden om å finna dekning for omlag kr 1,5 mill. Dette beløpet inngår som meirforbruk i prognosen. Eininga har også måtta nytta vikarbyrå for å sikra fagleg forsvarlege tenester grunna sjukefråvær og permisjonar på legevaktstasjonen og legesenteret i Eikelandsosen. Eikelandsosen legesenter vert ikkje omgjort til næringsdrift frå 1. september, slik planen opprinneleg var, og dette gjev også meirforbruk. Det har og vore auka utgifter til husleige og til oppgradering av system.

Kommunen overtok heimlane til Sjøkanten legesenter og etablerte Osøyro legesenter. Rekrutteringsvanskar førte til at vi måtte nytta legevikarar frå bemanningsbyrå fram til 1.9. Det er svært gledeleg at vi no har tilsett fire fastlegar som er på plass frå 1.9. Avtalen med dei inneber kommunal drift i to år, før legesenteret vert gjort om til næringsdrift. Tiltaka for å sikra drifta ved Osøyro legesenter inneber høge meirkostnader i høve til budsjett.

Det er også auke i utgifter på tiltaket insentivløn i Bjørnafjordmodellen, som det ikkje er budsjettert for. Moberg legekantor går over til næringsdrift i september månad. Prognosen har auka med kr 2 mill. i høve til prognosen for sep.

Nav

NAV ventar å få eit overforbruk på kr 3,6 mill. p.g.a. auka utgifter til livsopphald, fleire brukarar, auka bu utgifter og vesentleg auke i bruk av kvalifiseringsprogrammet, som er ei lovpålagt teneste. Dette er ein nedgang på 400 tusen frå prognose i sep.

Tilrettelagte tenester

Eininga melder om eit meirforbruk på kr 1 mill. Dette er ein nedjustert prognose på 1 mil frå sep. Overforbruk skuldast i all hovudsak bruk av bemanningsbyrå og overtid for å sikra fagleg forsvarlege tenester. Eininga har innfridd føresetnaden om å sikra drifta av Søfteland bufellesskap innafor dei økonomiske rammene som var gitt.

Psykisk helse og rustenester

Eininga varslar eit mogleg overforbruk for 2024 på kr 0,5 mill. og utgjer 0,7 % i høve til budsjettet for eininga.

Eininga har gjennomført eit stort omstillingsarbeid i samband med nedtrekket av 5,5 årsverk som kom gjennom budsjettvedtaket. Heile strukturen i eininga er vurdert for å sikra faglege forsvarlege tenester og meir effektiv og berekraftig drift. Premissen i budsjettvedtak var effekt frå 1. juli. På grunn av nødvendig omstillingsarbeid og turnusprosessar trer omorganiseringa ikkje i kraft før midten av september og det er denne forskyvinga av verknadsdato som gjev overforbruk. Meirforbruket er uendra i høve til tidlegare prognosar.

Luranetunet omsorgssenter (LBBS)

LBBS varslar eit meirforbruk for 2024 på kr 18,5 mill. Dette er ei auke på 2 mil sidan rapportering i sep. Hovudforklaringa er meirforbruk på løn grunna auka brukarbehov og høgt sjukefråvær, samt auka utgifter til medisinsk forbruksmateriell og vaksinar. Inkludert i prognosen er manglande realisering i 2024 av budsjett-tiltak knytt til bu avdelingane ved LBBS på kr 5 mill.

Det har vore utfordrande å få lagt om drifta med nye turnusar og ny bemanningsfaktor. Det gjer drifta meir sårbar og ved fråvær må vi ta inn vikar frå første fråværsdag. Ved melding om

fråvær på kort varsel, og behov for vikar for å sikra fagleg forsvarleg drift, må vi ty til dyre løysingar som forskjøven vakt og bruk av overtid. Eininga har utfordringar med å rekruttera sjukepleiarkompetanse på natt og har difor måtta leiga inn frå bemanningsbyrå. I samband med ferieavviklinga vart det også meir bruk av overtid, forskjøven vakt og innleige frå bemanningsbyrå for å sikra forsvarlege tenester, ein trend vi ser ikkje har snudd i haust. Knytt til endra brukarbehov må vi også tidvis ta inn ekstra bemanning for å sikra forsvarlege tenester. Bebuarar og pasientar med komplekse sjukdomsbilete er framleis ein aukande tendens. LBBS har fleire pasientar med høg grad av åtferdsforstyringar og psykiske symptom ved demens (APSD). APSD inneber ofte utagerande åtferd hos pasientane. Det er dokumentert at miljøtiltak er det mest hensiktsmessige og effektive tiltaket og dette aukar behovet for helsepersonell.

Heimetenester Os

Eininga melder om eit meirforbruk på kr 4 mill., ein auke på 2 mil frå sep. Det skyldast mellom anna ei betydeleg auke av brukarar den siste tida som har ført til at dei har måtte ta inn ekstra personell. Oppdraga vert meir og meir omfattande og spesialiserte, noko som inneber at eininga til tider må ta inn ekstra bemanning for å sikra fagleg forsvarlege tenester. Dette er særleg merkbart etter at eininga fekk redusert bemanningsfaktor. Overforbruket skuldast m.a. bruk av overtid grunna høgt sjukefråvær, og at det har vore utfordrande å rekruttera sjukepleiarkompetanse på natt. Eininga har meirkostnader til innleige frå bemanningsbyrå og bruk av overtid for å sikra forsvarleg drift. Prognosen er auka med kr 2 mill. frå sep.

Fusa Bu- og behandlingssenter (FBBS) og heimetenester

Eininga melder om eit venta meirforbruk på kr 3 mill., noko som utgjer 3,9 % i høve til budsjettet for eininga. Det er svært krevjande å rekruttere til ledige stillingar og eininga må bruka overtid for å sikra rett kompetanse på alle vakter. Eininga tek inn ekstra bemanning på nokre vakter for å sikra forsvarlegheitskrav på natt. Høgt sjukefråvær kombinert med ferieavvikling har ført til auka inntak av vikarar frå bemanningsbyrå. Det har ikkje vore mogleg å rekruttere nok faglærde vikarar. Eininga ser også ein auke i bruk av overtid og det handlar om å sikre fagleg forsvarlege tenester. Prognosen er uendra frå sep.

Tiltak – Helse og velferd

Sektor Helse og velferd er inne i nok eit år med store nedskjeringar og omfattande omstillingsarbeid. Alle turnustenestene har redusert bemanningsfaktoren og det vert arbeidd godt med omstillingsarbeidet. Omstillingskapasiteten i organisasjonen ber imidlertid også noko preg av at sektoren er svært pressa kapasitetsmessig, og at vilkåra for omstillingsarbeid ikkje er ideelle.

Sektoren rapporterer månadleg til formannskapet om økonomisk resultat og på forsvarlegheitsindikatorane. Indikatorane dekkjer områda brukarar/pasientar, tilsette, økonomi, leiing, pårørande/eksternt omdøme og internkontroll. Indikatorane er eit verktøy for å følgja med på at vi held oss innafor lovkrav og for å setje i verk tiltak dersom vi får raud eller gul skår på noko område.

Alle einingane melde avvik knytt til høgt sjukefråvær i første tertial. I andre tertial var det framleis høgt fråvær i fleire av einingane, men for sektoren sett under eitt var fråværet på veg ned. Vi ser no ein auke frå 10,4 % i aug til 11,46% for okt.

Tiltak som er iverksett er systematisk oppfølging, tilrettelegging, bistand frå Nav arbeidslivssenter og bedriftshelsetenesta.

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift

Forsvarlegheitsindikatorane viser og auke i avvik knytt medikamenthandtering, tid til opplæring og kompetanseheving.

Følgjande tiltak er iverksett for å lukka avvika:

- Sikra gode rutinar for oppfølging av avvika.
- Innføring av nytt kompetansesystem (GLUP), som skal sikra at obligatoriske kurs vert gjennomført. GLUP vil gje leiarane betre oversikt over medarbeidarane sin kompetansestatus og enklare oppfølging.
- Etablert årshjul med aktuelle tema kvar månad.
- Fastsett tid til internundervising.

Vi har tidlegare varsla at vi er i gang med å laga ein tenestekatalog for å tydeleggjere internt og ut mot brukarane kva innhald dei ulike tenestene skal ha. Arbeidet vert lagt på is ein periode framover for å sikra god koordinering opp mot sektorplan og konsulentvurderingar av m.a. dimensjonering og innretting av sjukeheimplassane våre.

Auka bruk av velferdsteknologi er ei viktig satsing, med mål om at teknologi skal vere førstevalet der det er naturleg. Dette vil vi i større grad sikra at vi bruker rett kompetanse på rett plass. Satsinga er viktig for å ta ned behovet for helsepersonell, som det vil vere mindre tilgang på i framtida. Vi ser at det ved innføring av velferdsteknologi er tidkrevjande å sikre personvernet.

Vi varsla i første tertial at det kunne vere aktuelt å oppretta ventelister for inntak av nye brukarar av dagtilbodet ved Øvreeide gard for å halde oss innafor det månadlege besøkstalet som budsjettet tillet. Vi har ikkje måtta ty til ventelister, men er svært restriktive med å utvida talet på dagar når det er ønske om det. Vidare vert det automatisk stopp i dagsentertilbodet når nokon har avlastingsopphald i sjukeheim, og dette er med på å få kabalen til å gå opp.

Vi har meldt om utfordringar med å få på plass gode løysingar innafor gjeldande rammer for dagsenterkøyring av eldre, og har no gått ut på nytt aanbod for Os sida av kommunen.

Fleire av einingane har fått på plass ressursbemanning etter nedlegging av bemanningssentralen. Dette er eit tiltak for å dekkje opp for fråvær og sikre god kontinuitet i tenestene. Som hovudregel lyser vi ut ledige stillingar som faste 100 %-stillingar, der heile eller delar av stillinga inngår som ressursbemanning. Føremålet er å betre rekrutteringa.

Sektoren har vekentlege møte i stillingskontroll for å kvalitetssikre og vurdere behov før stillingar vert lyst ut. Kommunalsjef, prosjektleiar og økonomikonsulentar har månadlege møte med einingsleiarane med tema omstilling og økonomi.

SAMFUNNSUTVIKLING

Årsprognose: Samfunnsutvikling kan få meirutgifter på ca. 8,5 mill. kr i 2024.

Samfunnsutvikling – fagstab og fellesområde

Ein sparer ein del på lønskostnader ved at ein tilsett er lånt ut til ei anna eining. Har også ei forventning om noko høgare inntekter, slik at samle forventa mindreforbruk er om lag 1 million.

Innbyggarservice

Pr. oktober er prognosen at ein er i balanse.

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift

Plan, byggesak og oppmåling

Eininga opplever inntektssvikt innan sjølvkostområda i 2024. Dette gjelder spesielt innan byggesaker og matrikkelsaker.

Ein held stillingar vakante, for å redusere avviket. Sjølv om ein på denne måten sparer mykje i lønnsutgifter, så er det ikkje nok og ein må såleis rapportere eit avvik på om lag 3,5 millionar. Det er dessverre ingenting som p.t. tyder på at inntektene tar seg opp mot slutten av året.

Kultureininga

Støttekontakt-tenesta er underfinansiert og løn til støttekontaktar går truleg med eit stort meirforbruk i år også. Det ligg an til eit meirforbruk på 1,5 til 2,0 mill. i 2024, men innrapportering av timar svingar frå månad til månad.

Det er stramme rammer i biblioteket og bremsen er sett på for å halde rammene. Leigeavtalen til bibliotek og BUA i Os næringspark er utfordrande. I tillegg til leigekostnad er det ein driftsavtale som så langt i år har kosta kommunen vel 182.000 kroner eks moms. Det er ikkje teke høgde for slik kostnad i 24-budsjettet.

Brann

Pr. oktober er prognosen eit meirforbruk på om lag 1 million.

Det er stor usikkerheit knytt til sjølvkostområdet for feiing og tilsyn (33810). I 2023 gjekk dette området med eit stort underskot, og gebyrauken er ikkje stor nok til å dekke dette inn. Potensielt kan dette føre til at området får eit meirforbruk på rundt 0,8 million i 2024. Dette er eit underskot som kan framførast, og få tilbake seinare år, men vil kunne gi området eit meirforbruk for 2024 isolert sett.

Det er igangsett tiltak for å få ned kostnadene på sjølvkostområdet, samt auke inntektene. I tillegg ser vi at dei samla kostnadene til brannkorps, som er utanfor sjølvkostområdet, er noko høgare enn budsjett.

Såleis er det sannsynleg med eit samla meirforbruk på om lag 1 million i 2024.

Eigedom Drift

Prognosen er eit samla mindreforbruk på om lag 5,0 mill.

Dette skuldast i hovudsak lønnsutgifter, reinhaldstenester, straumutgifter og husleigeinntekter, der vi truleg kjem betre ut enn budsjettert. Det som trekker motsett veg er festeavgifter og kommunale avgifter. I tillegg kjem innføring av Co2 avgifter frå BIR privat / bedrift.

Samferdsle

Starten på 2024 ga fleire store snøfall, dette kostar for samferdsel, så det blir overskriddingar også i år på vinterdrift. Pr. oktober er meirforbruket på kjøp av snøbrøytingsavtaler på 4 millionar, men då gjenstår snøbrøyting/beredskapsavtaler for tidleg vinter 2024/2025. Prognosen er såleis 6 millionar i meirforbruk for 2024, men det er risiko for at avviket blir større.

Vatn

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift

Ein ligg an til å få eit lite mindreforbruk på lønnsutgifter p.g.a. refusjonar. Driftsutgiftene er prega av at det har vore fleire kostbare vassleidningsbrot, og det er fare for fleire, slik at eit lite meirforbruk på vedlikehald (vassleidningsbrot) er påreknelig. Ein ser ikkje ut til å nå dei budsjetterte inntektene i 2024. Dette skuldast at inntektene frå tilkoplingar er langt under budsjettert. Usikkert kor stort avviket blir, men slik det er pr. september kan det bli rundt 3 millionar, kanskje meir. Rentenivået (5-år SWAP) har falt gjennom året og gjer at dei kalkulatoriske rentene ligg an til å bli 1,5 millionar lågare enn budsjettert. Oppsummert vil dette bety ein samla sett kan forvente at sjølvkostområdet får eit meirforbruk på 2 millionar kroner i 2024. I hovudsak som ein konsekvens av lite tilkoplingsgebyr.

Avlaup

Sjølvkostområde - Avløp

Prognosen at ein er i balanse.

Rentenivået har falt gjennom vinteren og gjer at dei kalkulatoriske rentene nok blir 3 millionar lågare enn budsjettert. Ein sparer også noko på lønnsutgifter. På den negative sida ser vi at inntektene frå tilkoplingsgebyr ligg veldig lågt og truleg vil ende om lag 3 millionar under budsjett slik det ser ut no.

Samla sett betyr dette at ein kan få eit overskot på om lag 0,5 millionar, men dette overskotet må i sin heilheit settast av på fond, slik at resultatet blir 0.

Sjølvkostområde - Privat Slam

Prognosen er at ein er i balanse.

Området har eit stort sjølvkost-fond, som ein må bruke opp. Ein planleggjar difor eit underskot på dette området, som skal dekkast av dette sjølvkostfondet.

Kalkulatoriske postar - sjølvkost

Renteendringane vi har sett så langt i 2024 er det no gjort rammejustering for, slik at prognosen p.t. er 0.

Bjørnafjorden, den 15.11.2024
Ingrid Karin Kaalaas
Økonomisjef